

929436563

VESTLAND BJØLLELAG SA

Mobilnummer

995 63 949

E-postadresse

vestland.bjollelag@gmail.com

Kontonummer **** * 10194

Vedtaksdato

20.06.2023

Vedtaket er gjort av

Alver kommune

Søknadsdato

15.03.2023

Vår referanse

2023/128, Agros 233760

Vedtak om tilskot til tiltak i beiteområde – Nordhordland beitelag, Søre Steinsland beitelag, Otterstad beitelag , innkjøp av sporingsbjøller av typen Telespor gen 4+

Samandrag: Alver kommune har gjort vedtak om å innvilge inntil 2 400 kroner i tilskot til VESTLAND BJØLLELAG SA til Nordhordland beitelag, Søre Steinsland beitelag, Otterstad beitelag , innkjøp av sporingsbjøller av typen Telespor gen 4+. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 16.06.2026.

Alver kommune viser til søknad av 15.03.2023.

Bakgrunn

Foretaket VESTLAND BJØLLELAG SA søkte om tilskot til tiltak i beiteområde den 15.03.2023. De har gjeve eit samla kostnadsoverslag for tiltaket på 198 843 kroner.

VESTLAND BJØLLELAG SA søker tilskot til å kjøpe inn totalt 237 stk radiobjøller av typen Telespor gen 4+. VESTLAND BJØLLELAG SA har i vedtak 2023/128, Agros 226689 fått midlar for å kjøpe inn 231 stk elektroniske bjøller og dei har behov for å kjøpe inn resten av bjøllene- 6 stk. Nordhordland beitelag, Søre Steinsland beitelag og Otterstad beitelag ynskjer bedre sporing på beitedyra. I området der dei beiter, er det dårlig mobilsignal. Prosjektet går ut på å skaffa betre signaldekning, samt kjøpa inn, og ta i bruk sporingsbjøller av typen Telespor gen 4+. Ein vil få betre kontroll på kvar dyra går, redusert tidsbruk under sankinga og betre datalogg på beitemønster.

Grunngjeving for vedtaket

Formålet med tilskot til tiltak i beiteområde er å legge til rette for best muleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda jf. forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder § 1.

Modalen kommune har for 2023 fått tildelt kr.75 000 kr til fordeling investeringar i beitelaga og ein del av tildelte midlar til Alver kommune kr.17 600 vil bli overført til Modalen kommune. Me har fått også meir midlar Kr 2700 for å dekke heile søknadensbeløp. Det er komen inn 1 søknad.

I strategi for bruk av investeringsmidlar til beitelaga for 2023 er fylgjande tiltak prioritert:

- Investeringar i teknologi knytt til beitebruk
- Faste installasjonar og kostnadskrevjande investeringar

Søknaden er i tråd med formålet til forskrifta og Modalen kommune sin strategi for bruk av

investeringsmidlar til beitelag for 2023.

For elektroniske bjøller har me brukt ein fast tilskotssats pr bjølle. Findmy sheep er kr 800 pr bjølle. Telespor, smartbjølla mfl.: 400,-/eining.

Godkjent kostnad	Tilskot
6 stk * 400 kr=2400 kr	2400 kr

Alver kommune har gjort vedtak om å innvilge inntil 2 400 kroner i tilskot, på grunnlag av eit godkjent kostnadsoverslag på kr 94 800. Normalt vil utbetaling avgrensast til tilskotsandel (tildelt tilskot i prosent av godkjent kostnadsoverslag).

Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 16.06.2026.

Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, skal de via Altinn sende inn rapport om gjennomføringa av tiltaket.

Rapporten skal innehalde:

- Kort framstilling av gjennomføring og resultat, og omtale av eventuelle avvik frå opplysningane i søknaden og vilkåra i dette vedtaksbrevet.
- Rekneskap for tiltaket. Rekneskapen skal settast opp slik at det kan samanliknast med kostnadsoverslaget og finansieringsplanen i søknaden.

Alver kommune utbetaler tilkjent tilskot etter at de har bede om det, og vi har godkjent sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Alver kommune kan òg utbetale delar av tilskotet på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som de utfører delar av prosjektet eller tiltaket. Vi vil halda igjen minst 25 prosent av tilskotet til arbeidet er fullført og vi har godkjent sluttrekneskapen.

Kontroll

Kommunen kan gjennomføre kontroll i tråd med forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder § 6.

Omgjering og tilbakebetaling

Vedtak om innvilga tilskot kan gjerast om og vi kan kreve at tilskot som er utbetalt blir tilbakebetalt dersom det blir avdekt forhold som er i strid med det som er forutsett ved innvilging av tilskotet, jf. forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder § 7.

Klagerett

De kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klaga til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at de har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. De kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Med helsing
Alver kommune

Saksbehandla av: Roba Al Serhan

Godkjend av: Laila Bjørge